

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C21, FE-076
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

Idrettsstipend 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettsstipend for 2020 pålydande kr. 30 000 kvar, til Tommy Urhaug og Tore Andre Aase Vabø.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 030/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettsstipend for 2020 pålydande kr. 30 000 kvar, til Tommy Urhaug og Tore Andre Aase Vabø.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Det kan delast ut opp til tre idrettsstipend kvart år, med verdi opp til kr. 30 000 kvar. Stipenda skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipendet skal støtta høva for å utvikle seg innan idrett, og skal prioritera søkjarar i aldersgruppa 15-26 år.

Stipendet skal gå til følgande tiltak:

- Eigenutvikling og kompetanseauking
- Kostnader ved reise eller opphald i samband med trening utanfor kommunegrensene.
- Kostnader ved utstyr eller omfattande individuell reiseverksemd ved nasjonale eller internasjonale meisterskap.
- Utvikling av lokalt idrettsliv og etablering av nye aktivitetar.

I 2021 er det to søkjarar til ordninga, Tommy Urhaug og Tore Andre Aase Vabø. Begge søkarane oppfyller kriteria i ordninga.

Uttale idrettsrådet

Alver idrettsråd rår til at Tore Andre Aase Vabø og Tommy Urhaug vert tildelt idrettsstipend med kr. 30.000,- til kvar for 2021.

Saksopplysningar:

Tommy Urhaug satsar mot Paralympics i Tokyo hausten 2021 og vil bruka stipendet til treningsleiar, andre

treningsreiser o.l.

Tore Andre Aase Vabø sykklar for kontinentallaget Team Coop, og har eit mål om å bli profesjonell syklist. Tore Andre vil bruka stipendet til treningsleir og sykkelutstyr som vil vere eit verktøy i eigenutvikling hans.

Vedlegg i saken:

18.05.2021	Søknad idrettstipend - Tommy Urhaug	1559271
18.05.2021	Søknad idrettstipend - Tore Andre Aase Vabø	1559272
18.05.2021	CV idrettstipend - Tore Andre Aase Vabø	1559273